

Endre Konglevoll
Hønsedalen 63
5912 Seim

Lindås Kommune
5914 ISDALSTØ

KLAGE PÅ FAKTURA 50000922.

Eg vil med dette klage på storleiken på gebyr for søknad om løyve til riving av våningshus på gnr 171 br 6 i Lindås kommune.

Grunngjeving for dette er følgjande:

1. Mangel på hjelp frå kommunen si side ved utfylling av søknad.

Iflg forvaltningslova §11 har kommunen rettleiingsplikt i slike saker.

Eg fekk berre oppgeve link til søknadsskjema,. Då eg forstod at utfylling krov meir kompetanse og fagkunnskap enn eg har, bad eg om hjelp til korleis alle skjema skulle fyllast ut. Svaret eg fekk var då negativt, og eg måtte sjølv henta inn fagleg hjelp utifrå for å få søknadane utfylt.

Eg tolkar forvaltningslova slik at tenestepersonar i kommunen har plikt til å hjelpa innbyggjarane når dei bed om det. Når ein ikkje får den hjelpa ein treng, kan ikkje kommunen krevja gebyr for eit arbeid dei ikkje har gjort slik dei skal etter lova.

2. Våningshuset skal nyttast av brannvernet til øving.

Denne saka gjeld eit gammalt hus som brannvernet får nytta til øving. Me veit alle at brannvernet vårt er avhengig av tilgang til bygningsmasse der dei kan få trena på ulike scenarier. På den måten får dei erfaring og kompetanse som kjem alle i kommunen til nytte .

Når eg stiller bygningsmasse til rådvelde for brannvernet, og på den måten er med å dekkja brannvernet sitt behov for øving, vert dette eit tiltak med allmenn nytte. Dette bør vera med når kommunen fastset gebyret for å sakshandsama søknaden.

3. Tidsbruken kommunen har hatt på å handsama denne søknaden.

Kommunen har fått alle opplysningar, og har ikkje måtta bruka tid på sjølv å innhenta dokument i saka. Ut frå dette kan ikkje tidsbruken til kommunen vera stor. Storleiken på gebyret verkar ut frå dette urimeleg.

Eg ber kommunen vurdera storleiken på gebyret i faktura 50000922 på nytt.

Med helsing

Endre Konglevoll